



Ole-Ronny Nilsen
Erdalsvegen 57
5306 ERDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1687 - 14/27588

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
12.12.2014

Utsleppsløyve - gbnr 58/166 Lygre Indre - fritidsbustad

Administrativt vedtak

Lindås kommune gjev i samsvar med *Forskrift om begrensing av forurensing* kap. 12 utsleppsløyve for fritidsbustad, i samsvar med søknad motteken 01.07.2013 med supplerande dokumentasjon sist motteken 07.05.2014.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avløpet skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før det vert ført vidare i tett leidning til felles utsleppsleidning til sjø.
- Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
- Eigedomen skal knytast til offentlig avløpsleidning dersom slik vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Eigarane av fellesanlegget er ansvarlege for at anlegget vert drive og vedlikehalde i samsvar med krav i utsleppsløyve forureiningsforskrifta.

For ansvarsrettar og utføring av avløpsanlegget frå denne hytta vert det vist til løyve tiltak datert 26.06.2013.

Saksutgreiing:

Det vart søkt om utsleppsløyve i samband med byggesaka for fritidsbustad i regulert hytteområde, men utsleppssøknaden var mangelfull.

Tiltaket er nabovarsla i byggesaka. Det ligg ikkje føre nabomerknader.

Omsøkte avløpsløyving er i samsvar med krav til reinsing for området etter tidlegare lokal forskrift, som no vert brukt som rettleiande i utsleppssaker.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf Fvl § 28. Det er oppretta kommunal klagenemnd i samsvar med kommunelova. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reisa sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

| Kode | Skildring | Tal | Sum |
|--------|--------------------------------------|-----|------------|
| 17.3.1 | Utsleppsanlegg kalkulert til < 15 pe | 1 | Kr 3.700,- |

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole-Ronny Nilsen

Erdalsvegen 57 5306

ERDAL